
Emne: Innspel på høringa om rettskriving 2024 og ordet «koss»

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 26.03.2024 13:27:44

Fra: leif@vassoy.net

Eg viser til høringa som Språkrådet har sendt ut om rettskriving 2024 og ordet “koss”. Eg vil gjerne få uttrykka mi støtte til at ordet “koss” blir normert og innlemma som oppslagsord. Det er peika på fleire gode grunnar for dette i høringa, og både den faktiske utbreiinga og omfanget i munnleg bruk meiner eg burde tilseia at “koss” bør vera eit oppslagsord.

Som nynorskbrukar i eit dialektområde der “koss” er eit naturleg val, er koss eit ord som saknast og i skriftspråket. Dette m.a. fordi eg oppfattar “korleis” som mykje meir høgstil enn “koss”. Det blir nesten(!) som ein på bokmål skulle måtta skriva “hvordan” i staden for “hvordan”. At “korleis” er meir høgfrekvent enn “koss” er kanskje ikkje rart når normeringa pressar bruken den vegen, og kanskje er det ikkje eit mål å auka bruken av koss, men ordet koss bør vera ein del av eit naturleg og normert skriftspråk.

Mvh

Leif Knudsen